

KVINNHERAD TURLAG:

FRÅSEGN TIL STATKRAFT SI OMSØKTE KRAFTUTBYGGING MAURANGER 2

PRESENTASJON AV KVINNHERAD TURLAG

Kvinnherad Turlag (KHT) er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag (BHT) i DNT-systemet. Laget vart skipa i 1998 og har 920 medlemmer. Kvinnherad Turlag arrangerer turar til fots, på ski, på sykkel og i kajakk for personar i alle aldrar både innanfor kommunegrensene og utanfor. Laget samarbeider med andre friluftsrretta organisasjonar i Kvinnherad og merkjer og skiltar ruter i kommunen. Laget er også engasjert i friluftsarbeid på breitt grunnlag og tek stilling i naturvernsaker.

RUTER OG AKTIVITET I UTBYGGINGSOMRÅDET

I Mauranger-området driftar laget Breidablikk- og Fonnabu-hyttene for BHT. KHT har skilta og merkt den nasjonale Turistvegen over Folgefonna frå Sunndal på Kvinnherad-sida. Denne fører til bresenteret med Fonnabu-hyttene. Den omsøkte Mauranger 2-utbygginga har ikkje direkte innverknad i Fonnabu- området, men **ein årleg, to-dagars fellestur på ski** den første helga i mai startar i det planlagde utbyggingsområdet ved Markjelke/Svartedalen og følgjer stort sett den T-merkte traseen til Hundsøyra før følgjet går inn på breen og endar ved Fonnabu, der turfølgjet overnattar. Neste dag går turen vidare til Rosendal. Denne vår-skituren har vore arrangert sidan 1975 (dei første 23 åra i regi av Rosendal Turnlag) og passerer Svartedalen, Bukkaspelvatna, Hardingaskaret, Pyttafloene og Hundsøyra. (I år med vanskelege ver- eller føreforhold har turen måtta avkortast til start i Bondhusdalen eller Rednedalen, Austrepollen.)

I månadene april, mai og juni går elles mange andre turfølgje og privatpersonar helge-eller dagsturar på ski i den mykje brukte traseen Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra/Holmaskjer/Fonnabu.

Mange kvinnheringar går også "**Folgefonna på langs**" med start ved skisenteret på Folgefonna (Nordbreen/Jondal) og mål i Rosendal eller Blådalsbotnen. Denne turen går i vår- og sommarmånadene april, mai og juni, og **kryssing av det is- og snødekte Midtra Kvitnadalsvatnet** er ein del av turen. Denne vår-skituren er elles mykje brukt av mange turgrupper frå heile landet, og kryssing av Midtra Kvitnadalsvatnet er nødvendig for å koma vidare frå Nordre Folgefonna til den søre delen. Viss **isen på dette vatnet vert usikker på grunn av pumping** etter ei ev. Mauranger 2-utbygging, vert det nærast umogeleg å finna alternativ trase. Bratt terreng og rasfare i området ved Midtra Kvitnadalsvatnet vil gjera dette svært risikofullt.

Kvinnherad Turlag arrangerer elles **fellesturar til fots** på sommarføre i området Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra, Botnabrea og Juklavatnet. Her ferdast elles mange einskiltpersonar og turgrupper sommarstid.

Kvinnherad Turlag har **skilta og merkt ruta Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra**. Mange turgåarar nyttar denne i sommarhalvåret.

Ænes og Mauranger Bygdelag plar ha årlege turar i same området.

Den **merkte sommarruta Markjelke - Botnabrea** er den traseen der turgåarar frå Kvinnherad-sida lettast kjem i nærkontakt med isen på Folgefonna (når ein ser bort frå bilvegen til bre-isen ved

skisenteret i Jondal). Det enorme **steindeponiet som skal etablerast ved startområdet** for denne ruta, vil verka svært uheldig. I same område der det tidlegare masseuttaket i samband med Mauranger 1-utbygginga no er nokolunde attgrodd, vil det nye, langt større arealet for steindeponiet i samband med Mauranger 2-utbygginga verta svært skjemmande.

SYNSPUNKT PÅ - OG FRÅSEGN OM UTBYGGINGSPLANANE

1 Den omsøkte utbygginga vil gje svært **lite ny kraft i høve til kostnader og naturinngrep**. Samfunnsnyttan synest difor vera liten. Utbygginga verkar i hovudsak å vera planlagd ut frå omsyn til sterk inntening i ein dysfunksjonell kraftmarknad, slik vi ser det: Effektkøyring for å utnytta pristoppar i marknaden. Samfunnsnyttan av dette er svært tvilsam og har negative følgjer for livet i og ved vassdraga. Dei uheldige sidene ved utbygginga kan ikkje rettferdiggjera ny utbygging i eit naturområde som allereie har store inngrep. **Utbygginga bør ikkje finna stad på den måten ho er planlagd.**

2 Inngrep som følgje av Mauranger 2-utbygginga kan koma i **konflikt med krav og ønske om tiltak som er sette fram i samband med vilkårsrevisjonen for dei gamle Maurangerverka**. (Revisjonssak opna av NVE 25. april 2022) Planane for Mauranger 2- utbygginga må difor samstemmast med tiltak som vert resultat av vilkårsrevisjonen før ny utbygging eventuelt finn stad.

3 Den planlagde utbygginga må ikkje **koma i konflikt med ny Vassforvaltingsplan for 2022 - 2027** der styrking av natur-og miljøomsyn i vassdrag som er påverka av kraftutbygging, vert understreka.

4 Markjelke – Jukla stasjon

Massedepoiet i Markjelke-området vert svært dominerande og skjemmande. I området har det tidlegare vore større masseuttak. Dette området som etter uttaket no har grodd nokså godt til, vil på ny **framstå som eit sår i landskapet, og utgjera eit endå større areal enn det førre området** for masseuttak.

Området Markjelke – Jukla stasjon som er avsett til rigg og deponeringsområde for anlegget, utgjer totalt 280 daa. Eit areal av denne storleiken vil beslagleggja heile området frå elveløp Svartedalen til pumpehus/tverrslag, langs vatnet opp til fjellbruna og fram til der vegen kryssar vatnet. Det lokale namnet på dette området er Hadlet.

Innanfor dette arealet er 140-150 daa avsett til deponering av tunellmassar, inntil 800 000 m². Areal, vist på kart s. 25 er ikkje 150 daa. **Eit slikt areal vil dekkja heile området frå Tjørna til vegkryssing ved Jukla stasjon og opp mot fjellbruna, dvs. heile Hadlet.**

Det er vist til tidlegare massuttak (morene) som vil bli gjenfylt. Dette utgjer ein ubetydeleg del av fyllingsbehovet. 800 000 m² fordelt over 150 daa betyr ei gjennomsnittleg fyllingshøgde på 5-6 m. I praksis betyr dette ei total endring av topografi og naturlandskap. Revegetering vil ta fleire tiår i det rådande høg fjellsklimaet. Jfr. situasjonen etter førre anleggsperiode for 50 år sidan.

Området Svartedalen – Hadlet (Markjelke) – Botnane er i dag viktigaste beiteområdet for sau. Det er i dag fleire aktive brukarar som nyttar dette. Store deler av dette området vil truleg vera tapt for alltid.

Markjelke/Jukla er og utgangspunkt for fleire merkte turløyper, m.a. til Botnabrea og mot Folgefonna/Holmaskjer. Inngrepa vil føra til betydeleg reduksjon av naturopplevinga for store deler av desse turane.

Det må vurderast alternative lokalitetar for deponi av tunellmassane, med mindre skadeverknader. Markjelkevatnet, nordvest for vegkryssinga, er svært grunt. Botnen er oppfylt med sediment og heilt flat. Før utbygging/regulering var denne delen av vatnet tørrlagd ved lita vassføring om vinteren. Eit mogeleg tiltak er å senka vasstanden i Markjelkevatnet til nivået med botnen i nordvestre del - for deretter å deponera tunellmassane på dette nivået, i søraustre del av vatnet. Etter avslutta arbeid kan vasstanden tilbakeførast til dagens.

Markjelkevatnet var tidlegare fisketomt og har ingen naturleg sjølvrekrutterande bestand.

5 Deponia i Austepollen synest å ha nokså usikker plassering, men omfanget vil verta skjemmande. Nokre føreslegne deponilokalitetar har sidan utbyggingssøknaden vart skriven, vorte tekne i bruk som deponistad for massar frå arbeidet med Kroatunnelen og tilstøytande vedstrekkjer. Eitt av dei føreslegne deponiområda kan dessutan sjå ut til å kunna koma i konflikt med mogeleg påhogg for den planlagde tunnelen Nordrepollen - Austrepollen. **Deponia vil, same kva lokalitet som blir valt, framstå som store inngrep i eit trengt fjordlandskap.**

6 Varierende vasstand vinter og vår i Midtra Kvitnadalsvatnet vil medføre, slik Statkraft skriv i søknaden, **usikker is langs langs land**. Dette **kan gjera kryssing av vatnet usikker for skiløparar** som går den mykje brukte traseen "Folgefonna på langs". **Det er vanskeleg å finna alternativ til kryssing av Midtra Kvitnadalsvatnet for denne populære vår-skitur-traseen** som kjem ned frå området ved Svartedalshorga og kryssar isen på Midtra Kvitnadalsvatnet.

7 Sperredammen/terskelen ved utløpet av Insta Bukkaspelvatnet vil verka skjemmande i eit område som her, sør for Svartedalen og vest for Midtra Kvitnadalsvatnet, framstår som uberørt av tekniske inngrep. Her skal det og etablerast inntak til **sjakt for overføring av vatn til tilløpstunnel Mauranger 2**. Denne skal og fungera som «svingsjakt» for tilløpstunellen. Det betyr at **ein kan pårekna utstrøyming, «oppgulp», av inntil 30 m³/sek til Bukkaspelvatnet**. Dette er ei vassmengde som tilsvarar utløpet frå dagens Mauranger stasjon. Sjølv om dette oppgullet er kortvarig, må det **føra til oppbrekking av isen på vatnet**.

Skiløypa mot Folgefonna/Holmaskjer kryssar Bukkaspelvatnet. **Ei spontan, uvarsla utstrøyming frå sjakta, vil utgjera ein stor tryggleiksrisiko.**

Konsekvensen er at løypa må leggjast utanom vatnet, og det vert ei stor utfordring å hindra at ingen, uforvarande, tek seg inn i dette området.

8 Ved Floetjørnane er det planlagt terskel i bekk mot Bagdalen/Mysevatnet og **sprenging av grøft (15m)** for drenering av vatnet mot Midtra Kvitnadalsvatnet.

Dette kan synast som eit lite inngrep i eit område som stort sett er snaufjell med lite vegetasjon. Det vil likevel **vera eit forstyrrande element i eit elles urørt område**, som må sjåast i samband med nasjonalparken. Naturopplevinga vert forringa.

Det kan og stillast spørsmål ved nytteverdien av dette tiltaket. Avrenninga frå feltet er anslått til 126 l/sek som vidare skal pumpast frå Kvitnadalsvatnet til Juklavatnet. Iflg. Tabell 5-8 vil 0.13 m³/sek drenera frå Midtra Kvitnadalsvatnet til Svartedalsvatnet etter utbygging av Mauranger 2. Dette tilsvarar det som blir tilført frå Floetjørnane. Svartedalsvatnet og Mysevatnet ligg på tilnærma same reguleringshøgde. Det burde difor vera likegyldig om desse 126 l/sek frå Floetjørnane endar i Svartedalsvatnet eller Mysevatnet.

Det må vurderast å spara Floetjørnane for regulering. Då vil ein og behalda den naturlege bekken mot Bagdalen/Mysevatnet og dermed oppretthalda den naturlege biotopen i og langs bekken.

(Kan det ev. planleggjast alternativ overføring frå Floetjørnane slik at det vert redusert behov for pumping frå Midtra Kvitnadalsvatnet? Eitt alternativ kunne vera å føra vatn frå Floetjørnane i tunnel til Blådalsvatnet i staden for å sprengja grøft for overføring til M. Kvitnadalsvatnet. Ein mindre betongdam i kløfta ved utløpet frå Blådalsvatnet kan hindra avrenning til M. Kvitnadalsvatn.)

(Eit anna alternativ kunne vera å føra vatn frå Floetjørnane i tunnel inn på strengen frå Bukkaspelvatnet til Juklavatn.)

9 Kvaliteten på drikkevatnet til bygdene må ivaretakast med omsyn til slam og anna forureining.

10 Det er tilfredsstillande viss utbygginga medfører at området ved Insta Kvitnadalsvatnet kan takast inn att som ein del av Folgefonna nasjonalpark.

KVINNHØRAD TURLAG VIL PÅ DET STERKASTE OPPMODA NVE OM Å TA VÅRE MERKNADER TIL FØLGJE VED VURDERING AV KONSESJONSSØKNADEN.

Styret i Kvinnherad Turlag.

